



Referat fra møte i FoU- utvalg

Tidspunkt: 14.12.20, kl. 12.30-14.30

Sted: zoom

Til stades: Christine Øye, Liv Heide Magnussen, Margreth Grotle, Ole Bjørn Rekdal, Frode Fadnes Jacobsen, Kjell Einar Barsnes, Alice Kvåle (leder), Solveig Lund Witsø (sekretær)

1. Sakliste, innkalling og referat

Godkjent

2. Vedtakssakar

Sak 18/20 Evaluering og endring av prosjektevalueringsskjema

Saka gjeld:

FHS nyttar eit prosjektevalueringsskjema ved vurdering og rangering av ph.d.- og postdoc-prosjekt. Skjemaet er i forhold til andre institusjonar sine evalueringsskjema (t.d. HelseVest og OsloMet) mangelfullt og bør endrast.

Diskusjon:

- Utlysingskriteriene må være i tråd med utlysningsteksten
- Det må være en minst mogleg kompleks modell
- Det må være mogleg å vektlegge ei heilskapleg vurdering
- Vi må ha ein avsluttande kategori: total vurdering/oppsummering
- Det kan ta lang tid å kommentere- betre å gi en enkel score
- Viktig å gjere det så enkelt som mogleg

Kva slags kategoriar, og stikkord, skal være med i vurderingsskjemaet?

- skjemaet må tilpassast FHS sine fagområde
- kategorien Forventa nytteverdi må være med
- det siste punktet i Helse vest skjemaet er bra: Betydning av ny kunnskap og kompetansebygging
- punktet Egnethet er et bra punkt, men må utdjupe
- Det er viktig at det ikkje er for mange punkter
- Man kan ta utgangspunkt i NFR sitt skjema

Vedtak:

1. Skjemaet må være både på norsk og engelsk.
2. Skåringssystemet som skal nyttast er tal
 - Det nåverande 1-5/1-3 scoringssystemet skal behaldast





3. Følgande kategoriar og stikkord skal være med i vurderingsskjemaet:

- Vitskapleg kvalitet (1-5):
 - vitskapleg bakgrunn for prosjektet, oversikt over forskingsfront og evt kunnskapshol
 - framstilling av problemstillingar og mål
 - synleggjering av korleis teori og siktemål i prosjektet kan føra til ny kunnskap / nye perspektiv
- Nytteverdi (impact) (1-5):
 - kvifor er det viktig å gjennomføra prosjektet?
 - nytte for brukarar/ målgruppe/ samfunn
 - betydning av ny kunnskap og kompetansebygging
- Gjennomførleg (1-5):
 - Feasibility / realistisk og hensiktsmessig plan for gjennomføring (datainnsamling, metodar, analyser, mm)
 - identifisert risiko, evt alternativ plan for gjennomføring
- Egnethet (1-3):
 - passer prosjektet til utlysinga?
 - prosjektbeskrivelsen er tilpassa tid og omfang til utlysninga
- Forskingsmiljø (1-3):
 - søker og forskingsmiljø sin kompetanse og kvalifikasjonar, inklusiv rettleiarkompetanse
 - samarbeidsmiljø, samarbeidspartnarar

Evaluatorane må få vite på forhånd at søkerane får tilsendt evalueringa av søknaden.

Til neste FoU- utvalsmøte skal FoU- utvalet få skjemaet til gjennomsyn.

Sak 19/20 Oppretting av ny forskargruppe

Saka gjeld:

Professor Monica Hermann ønsker å etablere forskargruppa «Pasientsikkerhet og samhandling» med hovudsete på campus Stord/Haugesund, HVL.

Saka vart først drøfta i møte 09.09.20. FoU-utvalet støtter initiativet og forslaget til oppretting av ny forskargruppe ved campus Haugesund/Stord, men FoU- utvalet ba om fleire detaljer før det kunne bli tatt eit endeleg vedtak om oppretting av forskargruppa. Den nye gruppa Pasientsikkerhet og samhandling vart oppfordra til å endre namnet, da ein anna forskargruppe ved FHS også har «Pasientsikkerhet» i namnet, og dei ble oppfordra til å omstrukturere seg i forhold til forskargruppa Samhandling for betre folkehelse.

Prodekan har hatt møte med begge miljøa, og alle er informert om kvifor ei ny gruppe vert oppretta. Den nye forskargruppa er opptatt av at dei må ha med «Pasientsikkerhet» i namnet. Det er viktig i forhold til den gamle Høgskulen i Haugesund sin historie. Den eksisterande gruppa i Bergen har størst fokus på pasientopplevingar og den nye gruppa har andre fokus.





Diskusjon:

- Utfordringa til miljø i Haugesund/Stord har vært at det har berre vært ei forskargruppe.
- Den nye forskargruppa kan også være ein fin bru til sikkerheitsmiljøet i Stavanger.

Vedtak:

FoU-utvalet vedtar oppretting av forskargruppa Pasientsikkerhet og samhandling, med sete i Stord/Haugesund. Forskargruppa skal leiast av professor Monica Hermann.

Sak 20/20 Kvalitetssikring av notat og rapporter i HVL sin skriftserie

Saka gjeld:

Skriftserien ved HVL skal synleggjere høgskulens FoU-virke og stimulere tilsette til å dokumentere sitt faglege arbeid. Utgjeving i skriftserien gir ikkje publiseringspoeng, men serien kan være eit alternativ der slik poenggjevande publisering ikkje er aktuelt. Informasjon om skriftserien er tilgjengeleg på Bibliotekets sider:

<https://www.hvl.no/bibliotek/forskningstenester/skriftserien/> .

Dagens ordning av godkjenning av manuskript på notat eller rapport manglar kvalitetssikring. Den/dei fagtilsette som utviklar/har forfatta det faglege innhaldet som man ønsker skal bli publisert i HVL sin skriftserie må sjølv sørge for at ein kollega/kollegaer innan feltet som har relevant kompetanse, blir ein frivillig referee på det som skal publiserast.

Praktisk må denne form for refereearbeid være frivillig og meritterande (t.d. må kunne dokumenterast og leggjast i praktisk pedagogisk mappe). Fagseksjonsleiar og prodekan for forskning må kontrollere at arbeidet er kvalitetssikra av ein tredje person (ikkje forfattar(ane)) før det blir sendt til biblioteket for publisering, og på denne måten sørge for ønska dokumentering. Biblioteket ved HVL hjelper med sjølve publiseringsprosessen.

Vedtak

FoU-utvalet vedtar endring i rutinane for kvalitetsvurdering og godkjenning av manuskript av notat og rapporter i HVL sin skriftserie.

Sak 21/20 Prinsipp for fordeling av smådriftsmidlar

Saka gjeld:

Ved FHS blir smådriftsmidlar (560 000 kr i 2020) fordelt på forskargruppene og nettverk, basert på innsendt årsrapport. Forskingsaktiviteten vart vurdert ut frå publikasjonar, nasjonal og internasjonal formidling/deltaking på kongressar, studentinvolvering i forskargruppas forskingsprosjekt, søknader om eksterne forskingsmidlar, mm.

Forskargrupper og nettverk har vore inndelt i kategori A og B, ut frå den heilskaplege vurdering gjort av ein komité, og tildelinga blir basert på disse. I 2020 ble forskargruppene i kategori A tildelt 30 000 kr, mens forskargruppene i kategori B ble tildelt 20 000 kr. Nettverk ble tildelt 12 500 kr.





Prodekan for forskning foreslår ein endring i fordelinga av smådriftsmidlar for 2021: 10 000 kr blir fordelt som ein flat grunntildeling, 50 000 kr går til ein fagleg konferanse for FHS og resten av midlane vert tildelt etter søknad ved behov (t.d. midlar til seminar, kurs, etc).

Diskusjon:

- Ein slik ordning kan bli eit problem i forhold til mengde medlemmar, der nokre grupper har mange medlemmar, medan andre grupper har få medlemmar
- Nokon kan bli misnøgd med at alle får likt
- Det må være nokre søkekriteria
- 10 000 kr er veldig lite
- Man må få noko igjen for å være produktiv
- Skal det være ein løpande frist og fyrst til mølla-prinsippet?

Prodekan for forskning la fram i møtet eit nytt forslag: 20 000 kr blir fordelt flatt til kvar forskargruppe, 50 000 kr går til ein fagleg konferanse og resten av midlane kan fordelast etter søknad.

Vedtak:

FoU-utvalet anbefaler forslaget om at 20 000 kr blir fordelt flatt til kvar forskargruppe, 50 000 kr går til ein fagleg konferanse og resten av midlane blir fordelt på bakgrunn av søknad.

Det ble også vedtatt at det i 2021 blir delt ut ein forskarpris til ein forskar ved FHS som har utmerka seg. FoU-utvalet ber om at forslaget blir tatt vidare til FHS-leiargruppa.

3. Orienteringssaker

Strategiske midlar 2021

- meldt inn tilsvarande kompetansehevande tiltak tilsvarande i 2021 som i 2020, samt post doc stipend
- vi har 4 ph.d.-stipend til Helse, funksjon og deltaking over ordinært budsjett
- meir mobilitet blant tilsette til utveksling

Insentivmidlar internasjonalisering

- Kommer tilbake til korleis FHS skal nytte desse midlane

Plan for FoU-tid rapportering til leiargruppa

- Det blir same type rapportering i 2021 som i 2020
- Vi ser på om det kan bli ei enklare rapportering
- Framdriftsplanen: omtrent som i fjor. Frist i mars og tildeling til påske.

4. Eventuelt

Tidspunkt for vårens møter i FoU-utvalet:

- Måndag 18.01.21 kl. 12-15
- Måndag 15.03.21 kl. 12-15
- Måndag 10.05.21 kl. 12-15





Formelt samarbeid med utanlandske forskarar

Korleis er prosedyrane for formelt samarbeid med utanlandske forskarar?
Forskringsrådgivar Solveig L. Witsø skal undersøke dette.

Publiseringsaktivitet

Ein oppmoding frå Frode F. Jacobsen:

- kan man også ta med publikasjonar per publiserande forfattar på framtidige rapporter om publiseringsaktivitet frå FHS?
- man kan tenke per fagmiljø, men også pr tilsatt
- kan samanlikne med seg sjølv og andre miljø

NB: NVI og Biblioteket har anbefalt å ikkje sjå på identifiserte enkeltforfattarar, men ein kan rekna ut eit gjennomsnitt av poeng blant dei publiserande forfattarane.

